

NOTAT

Til berørte parter
I samsvar med vedlagte naboliste og varslingsliste

Dykkar referanse	Vår referanse	Dato
	10219151	15.09.2020
	Alexander Stettin	

Varsel om oppstart av detaljregulering for Omdal steinbrot i Tokke kommune

Med heimel i plan- og bygningslovas § 12-8 varslar Sweco Norge AS oppstart av arbeid med detaljreguleringsplan for Omdal steinbrot på vegne av grunneigar Jan Olav Kollberg.

Planområdet og lokalisering er vist på vedlagte oversikts- og varslingskart som oppgjev høvesvis planområdet si plassering i kommunen og detaljert avgrensing. Planområdet utgjer ca. 190 daa, og tek for seg delar av eigedommen gnr./bnr. 26/4. Planområdet er identisk med reguleringsplanen Omdal skifer (plan ID: 20080003), vedteke 02.12.2008. Denne planen er ikkje lenger gyldig.

Hensikten med reguleringsplanen er å leggje til rette for uttak av skifer. Planen vil byggje på reguleringsplan for Omdal skifer. I gjeldande kommuneplan for Tokke kommune (plan ID: KOMPLAN_20), vedteke 13.09.2005, er arealet sett av til LNF-område.

Sweco Norge AS har gjort ein vurdering etter KU-forskriftas §§ 6, 8 og 10. Det er konkludert med at planen ikkje løyser krav om konsekvensutgreiing. Vurdering av KU-kravet konkluderer likevel med at det bør gjennomførast ei fagleg utgreiing av temaa støy, naturmangfald og miljø (m.a. landskap og vilt). I tillegg bør omdisponering av LNF-området utgreiast planfagleg, samt at ROS-analyse utarbeidast.

Reguleringsplanen vil vere heimelen for ein seinare søknad driftskonsesjon etter mineralloven. Grunneigar har som intensjon å samordne reguleringsplanprosessen med prosessen kring søknad om driftskonsesjonen, som vil initierast av framtidig drivar av steinbrotet.

Eventuelle spørsmål til planarbeidet kan rettast til Sweco v/ Alexander Stettin tlf. 416 90 212 eller som e-post til alexander.stettin@sweco.no.

Synspunkt eller opplysningar som reknast å kunne ha betydning for planarbeidet sendast fortrinnsvis på mail til alexander.stettin@sweco.no eller pr. brev til Sweco Norge AS v/ Alexander Stettin, Vekanvegen 10, 3840 Seljord.

Kopi sendast til Tokke kommune, postmottak@tokke.kommune.no, alternativt til Tokke kommune, Storvegen 60, 3880 Dalen.

Frist for tilbakemeldingar: 14.10.2020

1 (2)

Sweco
Vekanvegen 10
Box 120
NO-3840 Seljord, Norge
Telefon +47 35 06 44 44

www.sweco.no

Sweco Norge AS
Organisasjonsnr. 967032271
Hovedkontor: Oslo

Ragnhild Eiesland
Rådgiver Plan og Geologi
Sweco Seljord

Mobil +47 954 09 859
ragnhild.eiesland@sweco.no

Igangsetjing av planarbeidet vil òg varslast på kommunens heimeside <https://www.tokke.kommune.no/> og på <https://www.sweco.no/nyheter/>.

Dersom du har motteke denne varslinga ved brev, men ynskjer at framtidig kommunikasjon skal skje via e-post ber vi om beskjed om dette til alexander.stettin@sweco.no med kopi til postmottak@tokke.kommune.no.

Med vennleg helsing

Sweco Norge AS

Alexander Stettin

Vedlegg:

- Oversiktskart
- Varlingskart (kart med planens avgrensing)
- KU-vurdering (til regionale myndigheiter og på heimesidene til Tokke kommune og Sweco)
- Varlingsliste (til regionale myndigheiter)
- Referat frå oppstartsmøte (til regionale myndigheiter)
- SOSI-fil med planavgrensing (til regionale myndigheiter)